



# Naturvernforbundet

Sogn og Fjordane

## Årsmelding 2022



1.mai-toget i Førde, prega av ei svært stor mengde Førdefjordaktivistar. Foto: Amanda Orlich

### INNLEIING:

**Året 2022 var prega av fleire store miljø saker i Naturvernforbundet Sogn og Fjordane.**

Naturvernforbundet, både lokalt og nasjonalt, kjempa også i 2022 hardt for ein rein Førdefjord, mot gruedumping i den rike fjorden. Saka er prioritert både på nasjonalt og på fylkeslaget sitt arbeidsprogram og er, diverre, den saka frå Sogn og Fjordane som verkeleg har nådd både nasjonale og internasjonale media. Vårsemesteret var prega av aksjonar på Engebø initiert av NU, som etter kvart også inkluderte fredelig sivil ulydnad og utan materielle skader. Ein del medlemmer av NNV valde å delta som privatpersonar. Naturvernforbundet og Natur og Ungdom nasjonalt går til søksmål



mot staten for å få kjent utsleppsløyyet til Førdefjorden ugyldig og det vert rettssak frå 18.sept 2023. Det er framleis ei prioritert sak for både NNV nasjonalt og fylkeslaget å følgje opp i 2023, mot gruvedumping i Førdefjorden, samt andre miljøskader av prosjektet.

Det vart våren -22 fleire representantar frå nasjonale parti teke til orde for å vurdere utbygging også i verna vassdrag, der fleire er i SFJ. Via NNV sentralt vart det straks sett i gong arbeid for å få stadfesta frå regjeringa at verneplan for vassdrag skal ligge fast og slik stadfesting vart etter kvart gjeve for regjeringsperioden.

Mot slutten av året kom saka om Gondolplaner inst i Kjøsnestfjorden i Jølster opp, like opp mot Jostedalsbreen nasjonalpark. Vidare vart nye vindkraftplanar i Sunnfjord-Høyanger-fjella, i Snøheia-området offentleggjort. Begge er saker som har fått mykje merksemd og er høgt på agendaen inn i 2023.

Naturvernforbundet har gjennomført ei rekke prosjekt og har hatt eit eige årsverk gjennom "Plastjakten". Via delprosjektet "Skuleturne for havet" gjennomførte vi ei rekke skulebesøk og plastrydding i samarbeid med Fjordane Friluftsråd. Ein suksess som vi satsar på å vidareføre i 2023. Arbeidet både for å redusere og rydde plast, samt sirkulærøkonomi og mindre forbruk gjennom gjenbruk, blir eit viktig satsingsområde vidare.

Møteaktivitet har gått som normalt etter pandemien, men fylkeslaget skaffa då utstyr slik at nokre møter også i 2022 er halde dels eller heilt digitalt. Fylket fekk i 2022 eit nytt lokallag, då Naturvernforbundet Indre Sogn hadde sitt oppstartsmøte 31. mars og dekkar kommunane Sogndal, Luster, Årdal, Lærdal, Aurland og Vik. Laget har allereie hatt mykje aktivitet som lovar godt for miljøørsla i regionen vidare. Lokallaga i Sunnfjord, i Kinn og på Eid har også variert og fin aktivitet. Det har vore mykje samarbeid med NU om Førdefjorden i 2022, både NU sentralt, Vestland NU, Gloppen NU og Vevring NU. Lokalsamfunnet i Vevring må takkast særskilt for si enorme vilje til å samarbeide om å redde Førdefjorden og har stilt ved utallige høve gjennom 10-15 år, ikkje minst i 2022, for NNV og NU, ved arrangement og aksjonar, med kunnskap, praktisk hjelp, hus, båtar, alt.

Vi opplever eit historisk stort press på naturverdiane og ei stadig pågåande bit for bit nedbygging. Frå nasjonale saker som auka energiproduksjon, gruvedrift, div næringsutvikling og til dei mange konkrete sakene på lokalt nivå. Difor er det viktigare enn nokon gong at Naturvernforbundet er ei sterk røyst på naturen si side og å rekruttere fleire medlemmer må samstundes som arbeid med sakene, ha høg prioritet.

## Årsmelding 2022

### Organisatorisk

Årsmøtet vart i 2022 halde i Festsalen i Førdehuset, laurdag 12. mars.

### Styret

Leiar	Anne-Line Thingnes Før Sund	-Medlem i Landstyret, -Medlem i Gruveutvalet i Naturvernforbundet -Medlem i Leve Førdefjorden-nettverket
Styremedlem	Rigmor Bjørkedal	Styreleiar FNF Sogn og Fjordane i 2022.
Styremedlem	Tone Larsen	Leiar i Leve Førdefjorden-nettverket
Styremedlem	Truls Edvardsen	Styremedlem i lokallaget NNV Indre Sogn
Styremedlem	Hilde Ellingsund	Fritak, nov- ut valperioden, til årsmøtet 2024.
Vara, 1,2,3, 4	Franzeska ?, Gunn Wester, Terje Lyngstad, Jon Anders Stavang	

**Valkomite:** Årsmøtet -22 oppnemnde Fridtjov Urdal (Jølster), Vibeke Johnsen (Sogndal), samt bad fylkesstyre oppnemne eit 3.medlem. Fylkesstyre oppnemnde Jon Anders Stavang.

### Tilsette:

Øyvind Kjærgård Masdal	Fylkessekretær	Tilsett frå 12.12.2022, 100% i fast stilling.
Karoline Kristin Vognild	Prosjektkoordinator	Tilsett frå 06.02.2023, 100% i 1-årig engasjementstilling

Jørund Nygård var i stilling som fylkessekretær ut sept-22, Marte Nogva Mårstøl var i engasjementstilling ut okt-22.

### Medlemmer:

Naturvernforbundet Sogn og Fjordane (NNV SFJ) hadde per 03.01.2023 855 medlemmer, mot 867 frå førre år, som tyder på ein stabil medlemsmasse.

NNV SFJ må satse på å rekruttere medlemmer aktivt og profilere seg aktivt for å styrke oss både økonomisk samt ha størst mogleg gjennomslagskraft i saker både på fylkes og lokallagsnivå.

### **Økonomisk situasjon for fylkeslaget:**

I år som i fjor vert noko midlar overført frå 2022 til 23, dette gjev ein viss tryggleik i første semester, før svar er komne på fleire søknadar. Økonomien er bra, men føreset som alltid at det meste av søkte midlar vert innvilga utover i året, for å få gjennomført aktivitetsplanen.

Alle utbetalingar går via reknskapsfører hos NNV sentralt, som også fører reknskapet.

### **Fylkesstyremøter og AU-møter**

10 fylkesstyremøter. AU- møter mandagar, vanlegvis digitalt (Anne-Line, Rigmor, Jørund, Marte)

1 digitalt medlemsmøte januar –22, 1 årsmøte.

## **Miljøpolitisk Arbeid**

### **Landsmøtet 2022**

Landsmøtet vart i 2022 arrangert på Hamar 22.-24 april.

Kort oppsummert: Naturvernforbundet sette seg m.a. som mål å hindre gruvedumping i Førdefjorden og Repparfjorden, sa nei til naturødeleggande vindindustri, stilte krav om meir kunnskap om miljøkonsekvensar før evt utbygging av havvind, for vern av matjord mot utbygging, nei til nedbygging av natur, oppfølging av Fosen-dommen, og oppfordra til at NNV bidreg i arbeidet for å opprette ein miljøklagedomstol.

Trugsmålet frå klimaendringane samstundes som vi har ei naturkrise vart trekt fram, slik at kravet både er reduksjon av utslepp og stans i arealtap / artstap. Lågare og klokare energibruk, energisparing og effektivisering trekt fram som viktigast for å sikre nødvendig energi samt klimaomstille energiforsyninga.

NNV SFJ, ved Anne-Line, fekk einstemmig vedteke av Landsmøtet ei fråsegn om å ta vare på tareskogen langs kysten, som er heim for utallige artar og særskilt viktig økosystembrikke.

## **Førdefjorden**

### **Oppsummering:**

Det var svært mykje arbeid knytt til å hindre dumping i Førdefjorden og fjelltoppkapping i –22. Det var stor aksjonsaktivitet kring anleggsarbeidet på Engebø i 2022, også som inkluderte fredelig sivil ulydnad organisert av Natur og Ungdom. Dei NU-leia aksjonane fekk svært stor mediamerksemd

utover i landet, fleire hundre oppslag. Naturvernforbundet var ikkje involvert vedrørande sivil ulydnad, men samarbeidde med NU om annan aktivitet i saka, som informasjon, møter, konsertar, lesarinnlegg og medieoppslag m.m., samt er vidare involvert i søksmålet for å få kjent utslleppløvet til Førdefjorden ugyldig og som kjem i Oslo Tingrett frå 18.sept - 23. Mange medlemmer og folk flest stilte lovleg for å støtte lenkeaksjonistane. Nokre medlemmer deltok også i sivil ulydnadsaksjonane på privat initiativ.

NNV SFJ har følgt opp asbestsaka der Nordic Mining ved deira entreprenør reiv to bygg på Engebø med asbesthaldige takplater, heilt utan sikringstiltak slik regelverk for asbest påbyr. Dette førte sannsynleg til spreining av asbeststøv i området, med helserisiko for både aksjonistar og arbeidrarar som var i området. Saka vart av NNV SFJ straks teke opp med Nordic Rutile, deretter politimeld. Saka vart samstundes også meld til Arbeidstilsynet og Sunnfjord kommune. Asbestsaka fekk fleire store oppslag i ei rekke media. Saka vart purra hos politiet i august og september, men vitne i saka vart først kalla inn til avhøyr av politiet i des-22.

NNV SFJ slo alarm nov –22 om stor forureining av Førdefjorden frå partikkellekkasje frå anlegget på Engebø. Lekkasje skjedde ikkje berre ein, men fleire gonger, lense som tiltak var heilt utilstrekkeleg. Det vart først skrive høyringsinnspel, derpå klage på løyve til å dumpe skotstein i Engebøvika, der det vart påpeikt at forureininga ikkje måtte komme i sjøen og at lense er utilstrekkeleg.

I samband med utarbeiding av søksmålet var NNV-leiinga og CMS Kluge i Vevring, samstundes var der undervassfotografar for å dokumentere fjorden. I etterkant og i 2023 vil arbeid med informasjons- og innsamlingskampanje, inkludert arrangement for rettsak Førdefjorden vere sentralt.

Det store arbeidet vedrørande Førdefjorden som er nedlagt av tillitsvalde og tilsett i NNV, medlemmar, Vevringfolket og sympatisørar, i 2022 framgår i liste over oppsummert aktivitet nedanfor. Litt av arbeidet inngår her:

### **Leve Førdefjorden gruppe:**

Ei eiga arbeidsgruppe kring gruvesaka i Førdefjorden vart oppretta i juni 2022 med 2 medlemmer, Anne-Line og Tone, frå Naturvernforbundet Sogn og Fjordane sitt fylkesstyre, for å arbeide spesifikt mot denne saka, og har hatt møte kvar eller annankvar veke digitalt på kveldstid. Tone er leiar. Gruppa har også deltaking frå medlemmer frå andre organisasjonar, samt privatpersonar.

1. Førdefjorden er i fokus for arbeidet gruppa gjer
2. Passe på at Nordic Mining held seg til vilkår, løyver og lovverk
3. Laga Facebook-gruppe til Leve Førdefjorden nettverk.
4. Fulgt opp anmeldelsen om asbesthandtering på Engebø
5. Fulgt opp forurensing i fjorden ved Engebø
6. Utforske inhabilitetsspørsmål.
7. Bidratt i høyringar: Nordic Minings utkast til avfallsplan og utfylling av masser i sjø ved Engebø
8. Mobilisert til oppmøte når Klassekampens sommerskute var i Førde og NNV S&F, Rødt og Nordic Mining var i paneldebatt.
9. Bidratt med foredrag, i panel og gruppearbeid i undervisningsdag for HVL studentar i Vevring. Samarbeid mellom HVL og NNV S&F.
10. Bidratt i Vevringhelg der undervannsfotografar, NNV og advokatfirmaet Kluge kom på besøk.
11. Møtt NNV sentralt og Advokatfirmaet Kluge for å bli enige om felles innsats mot søksmålet
12. Arbeidet mot investorar i samarbeid med Friends of the Earth, NNV, NU, med fleire.

## Vindindustri



## Bremangerlandet

Bremangerlandet Vindkraftverk søkte utsett byggefrist. Det var planlagt vindindustri i Steinfjellområdet på Bremangerlandet, utbygd av Sogn og Fjordane Energi (SFE) med byggefrist 1. september 2022. Naturvernforbundet har frarådd utbygginga m.a. grunna særskilde naturverdiar og sårbar kystnatur, at trekkruta for fugl går gjennom området og at presset i området allereie er stort grunna tidlegare utbygd vindindustri på Guleslettene, Hennøya, Kråkenes og Stadlandet.

NNV i samarbeid med FNF m.fl, frarådde at kraftselskapet fekk utsatt oppstart. NVE som faginstans frarådde utsett byggefrist. Saka ligg no til endeleg avgjer i Olje og energidepartementet (OED) og NNV SFJ har godt håp om at OED vil fylgje eigen faginstans si fråråding.

## Snøheia

I midten av desember-22 vart planar frå Eviny, Zephyr og Hydro, om 150 vindturbinar på Snøheia, fjellområdet mellom Høyanger og Viksdalen offentleggjort i media. Dette har skapt stor debatt og offentleg engasjement. NNV SFJ har engasjert seg i saka, grunna det store arealinngrepet prosjektet medfører, industrialisering av for det meste uforstyrta fjellnatur. Saman med Motvind Sunnfjord og ytre Sogn arrangerte NNV SFJ spontandemonstrasjon i Førde, utafor Eviny – bygget, 21.12.2023. Leiar i NNV SFJ, Anne Line Thingnes Førund heldt appell, det gjorde også Einar Rysjedal i Motvind, samt spontanappellar frå fleire. Over 100 personar møtte. Oppslag i Firda og NRK Vestlandsrevyen.

## Andre Naturvernsaker:

03.01 – Bekymringsmelding til Stad kommune om avfallsdeponi i fjæra utanfor Selje. [Sak i Fjordenes Tidende. Krev at kommunen ryddar opp her: – Avfallet må fjernast frå området - fjt.no](#)

01.03 – Felles synfaring med Stad kommune for å følgje opp Naturvernforbundet si bekymringsmelding om gammalt avfallsdeponi i fjæra utanfor Selje. Lokallagsleiar i Eid, Thorleif Jakobsen stilte for forbundet. Einigheit om involvering av Statsforvaltar og strakstiltak for å hindre utslepp til sjø.

## Oppsummert aktivitet:

Jan/ febr: Engebøaksjonane, NU arrangerte aksjonsleir på Engebø.

05.02. Folkemøte Vevring. Informasjon om status Førdefjordsaka v/ Anne-Line og Jørund. Informasjon om komande aksjonar v/ NU.

02.02-03.02 – Deltaking på innspelsmøter med planutvalet i Kinn kommune i høve arbeidet med ny kommuneplan i Kinn. Formidling om Naturvernforbundet sine forventningar til kommunen og arealutfordringar på kysten ved fylkessekretær Jørund Nygård.

16.02 – Fakkemarkering for rein Førdefjord ved rådhuset i Førde, appellar, kultur. Over 150 deltakarar.

17.02 – Naturvernforbundet SFJ sender klage på Sunnfjord kommune sitt vedtak om oppstartsløyve for Nordic Mining sitt Engebøprosjekt med dumping av gruveavfall i Førdefjorden.

20.02: Florø: Opna Plastutstilling, samarbeid NNV SFJ / Kystmuseet. Anne-Line, Marte, Jørund

20.02 – Start av Natur og Ungdom sin aktivistleir i Vevring / Engebø, med mål om å hindre oppstart for Nordic Mining sine dumpingplanar i Førdefjorden. NNV SFJ har bidrege med informasjon, logistikk og praktisk hjelp. Samla har over 150 personar tatt del i leiren. Brei pressedekning frå Dagbladet, NRK, Bergenes Tidende, Firda med fleire.

25.02: Foredrag Sunnfjord SV årsmøte i Frammarsvika, Status i Førdefjordsaka v/ Anne-Line

26.02: Førde. Møte med Næringsminister Vestre, saman med NU, i Førde + derpå spontandemo ved Førdehuset, utafor AP-årsmøtet Vestre besøkte.

26.02 – Fakkeltog, appellar av Stortingsrepresentant Sofie Marhaug (R), Reidar Staalesen (Vestland AP) i Vevring, Naturvernforbundet ved Anne-Line og Jørund, samt song og underhaldning med Oddvar Thorsheim og Halvard Husefest Lunde. Fellesarrangement med Natur og Ungdom.

27.02 – Besøk av Stortingsrepresentant Lars Haltbrekken (SV) i Vevring. Folkemøte med paneldebatt, Lars Haltbrekken (SV), Mai-liss Solheim (R), Marius Dalin (MDG). Full sal. Musikk av Halvard Husefest Lunde, tekst Andreas Engebø. Aktivistkor. Fellesarr m NU. Arrangementet dekkja av NRK Vestlandsrevyen.

01.03-03.03 – Aktivistleir Vevring: Deltaking frå 5 ungdomspartileiarar: frå AUF, SU, RU, UV og GU.

06.03.: Bjørn Tomren, Stjernekeampvinnar, held støttekonsert for Førdefjorden i Vevring. Full sal. Samarbeid m NU.

12.03.: Årsmøte i NNV Sunnfjord og NNV SFJ, inkl miniseminar om Førdefjorden og vindkraft. Samtale Eirin Støfringsdal (NU) og Anne-Line vedr Førdefjorden. Samtale Ingunn Kjelstad, Motvind, og Jørund om vindindustrisaker.

24.03.:Bandet Villskudd frå Hamar/ Oslo til Vevring, tilrettelegging fjordtur m.m.

26.03: Folkemøte i Vevring; appellar, paneldebatt, kultur og aktivistkor. Full sal. Samarbeid m NU.

26.03:Konsert for Førdefjorden, i Vevring; Villskudd, Sliteneliten, Pust CO2. Full sal. Samarbeid m NU.

27.03: Styreseminar Skei: Fylkesstyret, tilsette, lokallagsleiarane/ lokallagsstyra invitert.

28.03: Møte med Norske Lakseelver og NU, i Vevring, vedrørande NL si støtte til arbeid mot gruvedumping i Førdefjorden.

31.03. Besøk av Moddi i Vevring, spontankonsert med fint oppmøte, fjordtur med Moddi for fotografering og videoopptak av låt for fjorden.

28.03-02.04: Opprydding etter aksjonsleir og konsert m.m. i Vevring

26.04.-12.05: NU – initiert aksjon, også med sivil ulydnad. NNV samarbeidde med NU om møter og arrangement for informasjon om Førdefjordsaka som ikkje innebar lovbrøt. Mange NNV-medlemmar deltok med lovleg støtte utanfor gjerda heile perioden, fleire også på privat initiativ direkte i aksjonane.

01.mai: Stort arrangement i Vevring, frukost, tale Gina Gylver, appellantar frå SV og R, dikt ved Anne-Line.

01.mai: Stor Førdefjord /aktivistdel i toget i Førde. NU-leiar Gina heldt apell på 1.-mai-arrangementet i Viking i Førde, full sal og stor applaus for talen om viktigheita av å stanse gruedumping i Førdefjorden.

12.mai Vevring: Aksjonsavslutning med stor Fest for Førdefjorden. Rikhdig lokalt matbord, appellar, talar, musikk, allsong, dikt. Smekk fullt og optimistisk stemning.

13.- 20.mai Vevring: Div opprydding (NU tok ein del).

31.mai. Sogndal: Oppretting av lokallaget Naturvernforbundet Indre Sogn. Godt oppmøte, repr frå dei flest av dei 6 kommunane laget omfattar, debatt, servering av lokalmat. Stort interimstyre valt, gode planer for aktivitet. Anne-Line og Jørund til stades med innleiing og organisatorisk informasjon.

01.juni. Førde: Demonstrasjon mot utbygging av vindindustri i Sunnfjord- Sognfjella, Snøheia. Samarbeid med Motvind. Appellant for NNV SFJ, Anne-Line

07.06., Vevring: Oppstartmøte Leve Førdefjorden - nettverket. Frå NNV SFJ-styret, Anne-Line, samt Tone som er leiar.

Juni, Landsstyret i NNV gjorde vedtak om å gå til søksmål for å få kjent utsleppsløyvet til Førdefjorden ugyldig, såframt NU slutta seg til. I juli slutta NU sitt landsstyre seg til søksmålet. Sidan har NNV og NU sentralt arbeidd med utforminga av søksmålet, derpå med informasjons- og innsamlingskampanje, også i samarbeid med NNV SFJ, dels også via våre repr i Leve Førdefjorden-nettverket.

27.juni Førde: KK-sommarskute, debatt i Førde i regi av KK . "Naturen som søppelkasse?" Panel: Anne-Line TF, Sofie Marhaug, Ivar Fossum NM. Solid oppmøte av støttespelarar for Førdefjorden.

20.-30.juni: Samla videoar til Real Ones - video, tittelspor på nytt album: "Love your Mother". A-L Juli-aug, møter for planlegging og gjennomføring av haustsemesteret.

08.sept: HVL i Vevring: "Korleis har Vevring klart å stå i det?» Lokalt panel om livet siste 15 år, under trugsmål av Nordic Mining – saka, med fjelltoppkapping, ope dagbrot og fjorddumping. Full sal. Studentane stilte spørsmål også gruppearbeid med lokale.

09.sept: Strandryddedag / rydding i Førde. Fenomenalt oppmøte frå skulane.

15.-16.sept. Vevring: Aftenposten-magasinet til intervju og omvising i Vevring. Vart framside- og hovudsak i okt.

27.-31.okt. Vevring: Besøk av 3 undervassfotografar, samt Kluge og NNV sentralt.

27-30. Dykkarar. Kluge / NNV 28.-31. Vevring: Langhelg med tilrettelegging for dykkarane og for NNV / Kluge, hus, båt, måltid, møter i Vevring. Omvisning, ope folkemøte med NNV / Kluge vedrørande søksmål Førdefjorden. Forholda i sjøen bl.a. ved Engebø vart dokumentert og bileta framvist i møte.

20.11. Innleiing ved Anne-Line om naturvernperspektiv for programkomiteen i Vestland SV (NNV SFJ stiller på invitasjon frå alle parti)

Nov: NNV SFJ slo alarm om stort partikkelutslepp frå Engebø, til kommunen, politi, Statsforvaltaren, Kystverket, Miljødirektoratet, Fiskeridirektoratet, politiet, m.fl.

Nov-Des. Periode med tilsetting av fylkessekretær og prosjektkoordinator.



Des: Etter oppdrag frå NNV sentralt, vart det brukt ressursar på å lage praktisk opplegg for Landsmøte 10.-12.mars i Vevring, organisere for overnatting, møte- og festlokaler, måltid, omvising m.m. NNV sentralt bestemte seinare å ha overnatting og mesteparten av møtet på hotell i Førde, men ha utflukt til Vevring, omvising, møte, ope møte og kveldssamling / middag på laurdagen. Det vart vellukka utflukt til Vevring, samt godt oppmøte på ope møte om rettsak, trass uvanleg stort snøfall. Mange lokale fjordforkjemparar, stilte med båtar, kulturvandring og praktisk hjelp på arrangementet, samt til film / foto.

21.12. Spondemonstrasjon i Førde i samarbeid med Motvind, mot Eviny, Zephyr og Hydro sine nylanserte planer om 150 vindturbinar i Snøheia, Sunnfjord- Sognefjella. Over 100 møtte.

## **Samarbeid i og for Naturvernforbundet:**

-Landsstyret i NNV: Anne-Line er representant til nov 2024 og fremmar våre saker.

-Fylkesleiar møter: Månadleg møte for fylkesleiarane, leiar av NNV-leiinga sentralt. Anne-Line

-Gruveutvalet nasjonalt: Anne-Line

-Fylkessekretærsamlingar: Fylkessekretær Jørund, deretter Øyvind har møtt.

-Plastnettverksamlingar: Plast-/ prosjektkoordinator møter, har i deler av 2022 også koordinert nettverket nasjonalt

-Samarbeid mellom NNV SFJ og Hordaland: Har vore faste møter mellom fylkessekretærane, samt møter mellom plastkoordinatorane og kontakt om saker mellom fylkesleiarane.

-Dei 4 lokallaga: Jamnleg kontakt og etter behov, via fylkessekretær, fylkesleiar, landsstyrerepr og repr frå lokallaga i fylkesstyret. Årsmøte og styreseminar i mars –22, innkallingar til lokallagsleiar til ein del styremøter. Fylkessekretær har møtt på årsmøter. Invitasjonar til arrangement.

-NU: Har representant i fylkesstyret, ikkje nytta dette så mykje. Mykje samarbeid kring Førdefjordsaka, via fylkesleiar, våre repr i Leve Førdefjorden og fylkessekretær.

-FNF: Rigmor er fylkesstyret sin representant og valt til styreleiar i FNF i mars 2022. Mykje samarbeid om høyringsinnspel m.m.

-Norske Lakseelver (NL): Samarbeid særleg rundt å hindre dumping i Førdefjorden, men både NL og FNF er gode ressursar generelt i naturvernarbeid for NNV SFJ.

-Motvind og Ung Motvind: Samarbeid om arbeidet for å hindre naturødeleggende vindindustri, saker i 2022 har særleg vore Bremangerlandet og Snøheia / Sunnfjord-Sognefjella.

## **Prosjekt Plastjakten Sogn og Fjordane**

Plastjakten Sogn og Fjordane , er NNV SFJ si satsing for å redusere plastforbruket og rydde bort plastforureining frå naturen og særleg havet. Prosjektet hadde stor aktivitet i 2022 og vi meiner samtlege mål er oppnådde. Prosjektet fekk både eksterne midlar, frå Handelens Miljøfond, Sparebankstiftinga, Vestland fylke, samt frå NNV sentralt, til å opprett ei eiga stilling for prosjektkoordinator. Delprosjektet Skuleturne for havet, arrangert i samarbeid med Fjordane

friluftsråd hadde stor suksess med skulebesøk og plastrydding. Mykje av aktiviteten har vore i samarbeid med lokallaga våre, men andre organisasjonar, skular og Kystmuseet i Florø har også vore med. Vi takkar for midlar og for breidt samarbeid til beste for naturen! Og vi fortset, no også med siktemål å få samarbeid med næringslivet om mindre plastbruk, samt med fokus på sirkulasjonsøkonomi, mindre forbruk gjennom gjenbruk og reparasjon og bruk av naturmaterialar.

### **Årsrapport Plastjakten.**

Omfattande årsrapport skrive av Marte Nogva Mårstøl og Karoline Kristin Vognild ligg ved bakerst i årsmeldinga.

### **Naturvernforbundet Sogn og Fjordane sin aktivitet gjennom FNF:**

Forum for Natur og Friluftsliv er eit samarbeidsorgan med fleire deltakarorganisasjonar, NNV, NJFF, DNT m.fl, med det formålet å kunne samarbeide på tvers av organisasjonar om saker og fråsegner. I 2022 var Naturvernforbundet Sogn og Fjordane deltakande gjennom FNF i desse sakene.

4.11.2022 Regional plan for kultur, idrett og frivilligheit 2023-2035

26.10.2022 Regional plan for klima 2022-2035, med tilhøyrande handlingsprogram

08.08.2022 Fråsegn detaljregulering Indre Øyrande Sunnfjord Kommune

08.08.2022 Kommuneplan – arealdel Lærdal Kommune

08.08.2022 Høyringsfråsegn om søknad om utsett frist Bremangerlandet vindkraftverk

08.08.2022 Høyringsfråsegn om søknad om utsett frist Bremangerlandet kraftlinje

24.05.2022 Innspel til planprogram for klimaplan for Vik kommune 2023-2030

24.05.2022 Innspel til 3. gongs offentleg ettersyn av Kommunedelplan Florelandet – Brandsøy 2022

24.05.2022 Innspel til planprogram for Sunnfjord kommune sin kommuneplan, arealdel 2023–2034

28.04.2022 fråsegn til planprogram for Regional plan for fornybar energi, Vestland fylkeskommune

12.04.2022 Kartlagde og verdsette friluftslivsområder i Sunnfjord kommune

### **Fråsegn og medieoppslag:**

**Det var omkring 200 mediaoppslag om aksjonane for Førdefjorden, her eit av dei første:**

[Førdefjorden, Engebøprosjektet | – Dette er siste utveg for å stoppe ein stor urett mot naturen \(firda.no\)](https://www.firda.no/førdefjorden-engebøprosjektet-|--dette-er-siste-utveg-for-å-stoppe-ein-stor-urett-mot-naturen)

**Asbest på Engebø:** [https://www.nrk.no/vestland/fordefjorden -arbeidstilsynet-stoggar-arbeid-etter-varsel-om-asbest-1.15958872](https://www.nrk.no/vestland/fordefjorden-arbeidstilsynet-stoggar-arbeid-etter-varsel-om-asbest-1.15958872)

**Felles lesarinnlegg om gruveponiet på Engebø:**

<https://www.firda.no/det-kan-gjerast-annleis/o/5-15-1499412>

23.06.2022 Debattinnlegg Klassekampen:

<https://klassekampen.no/utgave/2022-07-23/grunnlova-og-fordefjorden>

10.10.2022: Lesarinnlegg Firda kring partikkelutslepp frå Engebø

<https://www.firda.no/nar-vaktbikkja-sov/o/5-15-1465227>

Medieoppslag i NRk om demonstrasjon mot vindkraft på snøheia i Førde sentrum

<https://www.nrk.no/vestland/demonstrerte-mot-vindkraft-1.16230>

Om gondolsak Jølster, Anne-Line, sitert i Sogn Avis, Firda Tidend og Firda:

?

## **Aktivitet frå 01.01.23 til årsmøtet 25.03.2023**

12. Januar: Naturvernforbundet Sogn og fjordane politimeldte Nordic Mining etter observasjonar om partikkelforureining i Førdefjorden, og kontakta politiet og om at anleggsaktiviteten måtte stansast omgåande grunna den økologiske faren for livet i fjorden. Nordic Mining aviste frå si side kritikken, og sa utsleppet skuldast ei siltgardin som hadde slitt seg grunna uvær, og at utsleppet var berre av visuell karakter og utsleppet under lovlege grenseverdjar. Politimeldinga fekk oppslag i ei rekke media på landsbasis.

Aftenposten omtaler saka her:

<https://www.aftenposten.no/norge/i/mBKed4/nyhetsstudio-siste-nytt?pinnedEntry=67973>

### **Snøheia:**

12.01.2023: Fylkessekretær i NNV SFJ deltok saman med Motvind Sogn og Fjordane og andre interessantar på eit informasjonsmøte frå Eviny og Hydro på Eviny-bygget i Førde.

16.02.23: Representantar frå NNV SFJ var til stades på informasjonsmøte i Høyanger 16. februar

01.03.2023: Representantar frå NNV deltok på folkemøte på Sande.

### **Arrangement:**

08.02.23: Kva lærte vi av Alta-kampen? Panelsamtale og debatt i Festsalen, Førdehuset.

Over 100 oppmøtte då NNV SFJ inviterte til panelsamtale i høve premiere på filmen "La elva leve" om aksjonane mot utbygging av Altavassdraget, sett i lys av samisk kamp for natur og livsgrunnlag. Tema var status for samiske rettar i dag, for naturtapet i landet og kampen for naturen i vår tid - også sett opp mot lenkeaksjonane på Engebø våren 2022. I panelet var samerettsforkjempar, Altaveteranar, lenkeaksjonistar mot gruvedumping i Førdefjorden, Ung Motvind, samt politikarar frå Sunnfjord og Vestland.

Med i panelet var: Leiar i NNV SFJ Anne Line Thingnes, NU- sentralstyremedlem Sigrud Hoddevik Losnegård, leiar i NNV sitt samepolitiske utval Lasse Bjørn, leiar i Ung Motvind Hedda Andrine Skår Indrebø, repr frå Leve Førdefjorden -gruppa / Altaaksjonist Atle Kirkebø, Altaaksjonist Torodd Fagerheim, kommunestyre- og fylkestingsrepr Åsmund Berthelsen (SV), kommunestyrerepr / leiar i komite for næring og kultur, Rune Hegrenes (SP).

Panelsamtalen vart leiar av styremedlem NNV SFJ Tone Larsen.

Sal av spekefat og drikke, ved Sunnfjord Catering

### **10.-12.03.23: Naturvernforbundet sitt landsstyre, til Førde og Vevring,**

Naturvernforbundet sitt landstyre hadde møte i Førde og Vevring helga 10.13.mars 2023. Målet var at Landstyret skulle få oppleve Førdefjorden, kjent sak og som forbundet går til rettsak for å berge. Av praktiske årsaker valde NNV-leiinga å ha overnatting / størstedelen av ordinære L-saker på hotell i Førde.

Laurdag 11. var det synfaring til Vevring. Det var orientering om landskap og om Engebøsaka utover i bussen ved Anne-Line, foto / filming i Vevring til bruk i innsamling til Rettsak Førdefjorden, Natur- og Kulturvandring i Vevring ved Anne-Line, to lokale stilte med båtar der 11 vart med totalt, tur til Engebøfjellet utgjekk grunna stort snøfall og snøbygder.

Ls hadde møtebolk for Ls-saker på Vevring skule og derpå møte med lokale og aksjonistar som har stått i spissen for Førdefjordkampen, samt ope møte og orientering om Status i Rettsak Førdefjorden ved leiar og generalsekretær i NNV. Landsstyret hadde uformell samling og middag med fiskesuppe i Steinhuset i Vevring, før retur til Førde på sein kveld. Fylkesstyret og lokallagsleiarane var invitert, Rigmor og Tone frå fylkesstyret, Ludvik Slettehaug frå Sunnfjordlaget møtte, utover Anne-Line (fylkesstyret) og Katharina (Indre Sogn – laget) som møttesom Landsstyrerepresentantar.

### **Mediaoppslag og lesarinnlegg:**

10.01.2023 Innlegg i KK, privatperson med tillitsverv i NNV

<https://klassekampen.no/utgave/2023-01-10/debatt-hurtigspor-til-helvete1>

02.02.2023 Innlegg i Fiskeribladet, privatperson med tillitsverv i NNV

<https://www.fiskeribladet.no/debatt/lite-lys-i-enden-av-tunnelen-for-nordic-mining/2-1-1398025>

### **Årsmøter 2023:**

15.02.2023: Årsmøte Naturvernforbundet Eid Lokallag.

28.02.2023: Årsmøte Lokallag i Kinn

09.03.2023: Årsmøte i Indre Sogn

25.03.2023: Årsmøte Lokallag Sunnfjord.

**Høringsinnspel:**

NNV SFJ saman med FNF, kom med Innspel til Arealplan Sunnfjord

Innspel til plan fornybar energi Sunnfjord